



FRÆNA KOMMUNE
Samfunn og utvikling

KOMM. OG REG. DEP	
21 DES 2004	
04/2771-23	
Ark.	013
Avd.	RA ISSA MAG

Kommunal- og Regionaldepartementet
Postboks 8112 Dep.
0032 Oslo

Vår ref.
BJEMAY 04/01836

Arkivnr.
13 & 13

Dykkar ref.
04/2771-4 MAG

Dato
16.12.2004

**MELDING OM POLITISK VEDTAK
HØRING PÅ DISTRIKTSKOMMISJONENS UTREDNING- LIVSKRAFTIGE
DISTRIKTER OG REGIONER - RAMMER FOR EN HELHETLIG OG
GEOGRAFISK TILPASSET POL.**

Kommunestyret handsama saka i møte den 13.12.2004, under sak nr. 0109/04. De vert med dette underretta om at slikt vedtak er fatta:

1. Fræna kommune følgjer oppmodinga frå KS og uttalar seg om styringsstruktur/forvaltningsmodell allereie no ved første høyringsfrist. Men kommunen vil samstundes gjere Kommunal- og regionaldepartementet merksam på at det kan bli aktuelt å uttale seg supplerande innan andre høyringsfrist, 14. oktober 2005, dersom lokal eller sentral politisk prosess skulle tilseie dette.
2. Fræna kommune vil prinsipielt støtte Distriktskommisjonen sine målsettingar og strategiar for distrikts- og regionalpolitikken.
3. Fræna kommune ønskjer ein visjon for distrikts- og regionalpolitikken som presiserer at ein ønskjer å oppretthalde hovudtrekka i busettingsmønsteret på regionalt nivå.
4. Fræna kommune støttar opp om fleirtalet sitt forslag om ein trenivåmodell som framtidig styringsstruktur.
5. Fræna kommune støttar fleirtalet si anbefaling av kva slags typar oppgåver det er særleg viktig at regionane får ansvaret for. Vidare meiner Fræna kommune at ei samordning av dagens oppgåver i fylkeskommunen med likearta oppgåver hos fylkesmannen og andre dele av regional stat, vil kunne styrkje det regionale nivået. Med nye oppgåver for det regionale nivået bør det også følgje økonomiske midlar som sikrar gjennomføring.
6. Fræna kommune støttar desentralisering av oppgåver til kommunane og meiner at dei oppgåvene som kan leggjast til kommunalt nivå, bør leggjast til kommunane. Men samstundes må kommunane sin økonomi og sitt handlingsrom styrkjast for å betre kommunane sine moglegheiter som aktive samfunnsutviklarar og –planleggjarar. Kommunane må også kunne ha innflytelse på utvikling av politiske strategiar og verkemiddelbruk på regionalt nivå.
7. Fræna kommune sluttar seg til distriktskommisjonen sine anbefalingar om at norske kommunar bør fortsette å vere generalistkommunar. Vidare støttar ein fleirtalet i kommisjonen i at kommunestruktur bør vurderast der kommunegrenser splittar ABS-

regionar. Endringar i kommunestrukturen bør vere frivillig og eventuelle kommunesammenslåingar må tuftast på at eit fleirtal sluttar seg til gjennom folkerøysting.

8. Fræna kommune støttar kommisjonen si anbefaling om moglegheit for større regional tilpassing og prioritering innanfor arealvern og bruk av arealressursar. For å få dette til er det behov for å formalisere moglegheitene for geografisk differensiering i lovverk og å kunne utvikle tilpassa løysingar lokalt og regionalt.
9. Fræna kommune støttar kommisjonen si anbefaling om at "vern gjennom fornuftig bruk" bør leggjast til grunn som forvaltningsprinsipp i verneområde.
10. Fræna kommune vil støtte kommisjonen sitt forslag om arealavgift til kommunane ved bruk av sjøareal til havbruksnæringa då det i desse areala er utelukka anna bruk. Vidare meiner ein at det også bør vurderast arealavgift eller annan kompensasjon på fleire område der aktørar blir gitt rett til å hauste ein viss grunnrente av fellesskapet sine ressursar.

Med helsing

May Britt Bjerke
May Britt Bjerke
kommuneplanleggjar

Vedlegg:

Kopi til: KS